

# LOKALT TILLEGG TIL ORDENS- OG ÅTFERDSREGLEMENT

[Forskrift om felles ordens- og åtfersdsreglement i Vestland Fylkeskommune](#)

## Føremål

Det lokale tillegget skal hjelpe dei tilsette på Askøy vgs i handhevinga av ordens- og åtfersdsreglementet. Målet er å sikre ei føreseieleg og god praksis, for å sikre at alle elevane ved skulen har eit trygt og godt skulemiljø som fremjar helse, trivsel og læring, jf. opplæringslova §9 A-2.

I opplæringsssituasjon, eller i møte med elevar på skulens fellesområde, har dei tilsette ansvar for å følgje opp eleven sin rett til opplæring, og til eit godt og trygt skulemiljø. Det betyr at lærar, eller andre vaksne ved skulen, skal handheve dei lover, reglement og instruksar som gjeld. Dersom eleven ikkje rettar seg etter desse, skal den vaksne reagere i tråd med dette lokale tillegget.

## Omfang

Det lokale tillegget gjeld alle elevar ved skulen, men må tilpassast ulike situasjonar og eleven sine føresetnader. Tillegget regulerer korleis skulen skal handtere situasjonar der elevar bryt ordensreglementets §5.

### *§ 5 Elevane sine plikter*

*Elevane har plikt til å rette seg etter dei lover, reglement og instruksar som gjeld.*

*Elevane skal møte skulen sine tilsette og medelevar med omsyn og respekt.*

§ 5 er grunnlaget for å reagere på åtferd som skulen sine tilsette reagerer negativt på, og det lokale tillegget tar som utgangspunkt at det er læraren/den tilsette som har myndigheita til å "bestemme" i ein konkret situasjon.

Skulen vil på same tid informere om, og leggje til rette for at elevane sine rettar blir ivaretatt, jf. § 4 Elevane sine rettar; retten til å bli høyrte, og til å ta opp brot på desse rettane med skulen, i dei rette fora, og til rett tid.

## Gjennomføring

- I. Elevar som ikkje rettar seg etter beskjedar/påtale frå lærar skal oppleve ein reaksjon straks
  - i. Lærar vurderer om påtale i seg sjølv rettar opp situasjonen, eller om det er grunnlag for å nytte "åtferdsmerknad"
  - ii. Merknad er den minste formelle reaksjonen lærar kan nytte seg av
- II. Elevar som ikkje rettar seg etter påtale frå lærar, skal visast bort frå timen (i inntil to klokkeimar)
  - i. Dersom eleven blir vist bort, skal lærar kontakte skulen sin "vakt-telefon"
    - Det er til ei kvar tid ein i leiargruppa/administrasjonen som har ansvar for vakttelefonen
  - ii. Eleven skal hentast i klasserommet, og følgjast opp av den som til ei kvar tid har ansvar for dette.
    - Eleven skal ikkje i noko tilfelle visast bort frå undervisninga, for så å "vere på frigang"

- iii. Dersom den ansvarlege vurderer situasjonen til å vere avklart, skal eleven møte som vanleg til neste undervisningsøkt
- III. Når elevar blir viste bort frå undervisningsøkta, skal føresette bli orientert om dette
  - i. Det er den som har ansvaret for å følgje opp eleven i bortvisingstida som kontakter føresette, etter å ha snakka med eleven
- IV. Elevar som har vist ei slik åtferd at dei blir viste bort frå undervisninga, skal i etterkant få varsel om at det er fare for nedsett karakter i åtferd
- V. Elevar som utan avtale med lærar går frå undervisninga og ikkje kjem att etter kort tid, skal og meldast til vakt-telefonen. Elevar med slik åtferd skal ha merknad for dette.
- VI. Dersom elevar ikkje rettar seg etter påtale/instruks frå ein tilsett i skulen sine fellesområde, skal den tilsette ringe vakttelefonen og be om assistanse
- VII. Elevar som nektar å følgje med ansvarspersonen vekk frå undervisning/situasjon vil få bortvisingsvedtak frå rektor

## Rapportering

Det lokale tillegget skal vere kjent for elevar og føresette før det trer i kraft.

Faglærar som viser eleven bort frå ein økt, fører merknad i VIS.

Dersom rektor gjer bortvisingsvedtak for inntil 5 dagar, blir vedtak lagt i eleven si mappe i Elements.

Dei ansvarlege for vakttelefonen fører ein logg over dei tilfella dei opplever.

Leiargruppa går jamleg gjennom loggen for å koordinere og evaluere handhevinga av det lokale tillegget.